

## Prestegården (gnr. 162)

Gerhard Schøning fortell frå opphaldet sitt i Fåberg i 1774 at prestegården her før skulle ha heitt Skey. Dette har han sikkert frå den lærde hr. Ole Irgens, som da var sokneprest i Fåberg, og vi går her ut frå at opplysninga om det eldre namnet har ei historisk kjerne. Skey eller Skei, som namnet truleg skulle vore skrivi, viser tilbake til skeid, ridebane, rideplass. Like ved låg og Gildesvollen, seinare kalla Telthusflåa, og med opphavsgardane Berg og Fogaberg like ved. Kvar skulle bygdefolket heller samlast til bålfeest og gilde for gudane enn her? Her var sikkert eit sentra i Fåberg også i førkristen tid.

Kristendomen kom seint til innlandsbygdene, og Paulus Haqvini som døydde i 1202, var sikkert ein av dei aller fyrste prestane i Fåberg. Om det enda var nokon prestegård her, er uvisst. Mangt talar for at Prestgården må vera bygd som prestegård på 1100-talet, og at han truleg aldri har vore fløtt. Det er heller ingen tradisjon om eller merke etter at han har liggje på ei anna tuft. Dette er det ein serleg har grunn til å merke seg fordi Prestgården fleire gonger har vore herja av brann såleis både i 1723, i 1810 og i 1837. Hovudbygningen som nå er i bruk, vart bygd etter brannen i 1837 og kom under tak i 1839.

I handskrivne dokument frå mellomalderen finn ein aldri gården kalla Skey, Skei eller Skeid. Dei til dagleg brukte namn Fåberg Prestegård, Fåberg-Prestgården eller berre Prestgården vart og skriveformer av namnet. I eit diplom frå 1336 er gården såleis kalla "prestgardum a Foghaberghe" og i diplom av 1342 og 1344 like eins. Av kapell frå den fyrste kristne tid er nemnt 1. Fogaberg stavkyrkje som truleg var bygd før 1204 og rivi før 1722, 2. kyrkja på Røyne som var innvigd i 1344, og 3. kapellet på Bleiken som visstnok var bygt før 1333 og vart rivi etter 1631. Etter tradisjonen skal det i denne eldre tid også ha vore eit kapell i Saksumdalen, men det finst ingenting om det. Eit kapell Capella à Euranum vart bygt og innvigd til bruk under fisket på og ved Øyra i Lågen. Det vart seinare flytt og ei tid brukt som stabbur på Prestgården. Nå er det eit av dei sermerkte hus ved De Sandvigske Samlingar på Maihaugen.

Av diplom frå Fåberg går det tydeleg fram koss kyrkja og prestebølet kunne samle seg jordegods og andre eigneluter: Den 21. mars var Bersvein Torgilsson og Ogmund Holmsson i Fåberg kyrkje og hørde og såg at Gyda Gunnarsdtr. Gav soknepresten Ulvhedin Peterson ½ marka-bol i Dalerud for at han skulle lese messer for Arne. 24. juni 1479 var Tore Arnesson Lang og Halvard Erikson på søre gården i Rindal og hørde og såg at Hans Henriksson gav halvparten av Rindal til Fagabergh kirke og halvparten til prestebølet. I 1413 erkjente Eiriker Erlingsson "bonde a Nordhofue" at han hadde gitt ein mannslott i Kiævarpet i Lågen til prestane i Fåberg for sjelemesser for hustru Gudrun Eyvindsdtr. Og seg sjølv når dei var døde. I 1430 vart eit teinelag under Dal øvre gitt til Fåberg prestebol. Det er elles fleire døme på at gardar eller gardpartar er kome under kyrkjestolen eller prestebordet utan at det finst eit skrivi ord om det. Det er såleis tilfelle både med Lekshus og Mo i Vingrom og med Rise som sers tidleg vart lagt til og brukt saman med Prestgården. Vi skal her ta nokre døme på kva for Fåberg-gardar som heilt eller for ein del låg til Fåbergkyrkjene og/eller prestebølet. Især i dei eldste, men og i dei yngre lister kan det hende vi bruker den skrivemåten av namna som er i originalen.

I 1577 svara desse Fåberg-gardane heilt eller for ein del "Lanndskylldt till Faberrig Prestebolig":

Rindal	1 hud
Bøe	½ hud
Lundegardt	2 Kalschind
Hornn	2 "
Gurrestad (Skog)	Liger øde

Gallerud (Dallerud)	her i haffuer presten en tredje parrt som icke er sett i skyld
Skiggestadt	½ hud
Lanngsetter	9 Kalschind, ligger under prestegarden
Riise	1 hud ”
Bardebergh	½ hud (er inthed)
Kasterudt	3 Kalschind, ligger under Prestegarden
Kroppøø	3 Kalschind, ”
Rannerudt	3 Kalschind
LøgsWold	½ hud, brugis ved prestegarden
Gustevollen	3 Kalschind, brugis ved prestegarden
Thaghollid	1 hud
Smidtzrudt	3 Kalschind, er nu ½ hud
Hoell	½ hud
Ellingsbergh	9 Kalschind
Saxendall	½ hud
Skinndzaredt	3 Kalschind
Ralnden	½ hud

Og vidare:

Enn Mandtz laad, J Kiørwarpen  
Enn tønne lagh (lågåsild?) i logenn.

Same året, altså i 1577, svara desse gardane heilt eller for ein del:

Lanndtskyldt till Faaberrigh Hoffhuitt Kiercke:

Rindall	1 hud
Tallessrudt	2 huder
(ligger j fieocring vejs fraa faaberg om en kløker den kunde fange).	
Bardeberg	1 hud
Bierke	4 Kalschind
Gildissuoldt	3 Kalschind
Enn øø J Landt	½ hud
Presterud	½ hud

Dessutan svara desse gardane:

Lanndskyldt til Lille Hammers Annexa:

Redestad	2 huder 4 Kalschind
Sudestad	3 Kalschind
Høstemelingh	3 Kalschind
Ranneberrig	3 Kalschind
Hammersseng	3 Kalschind
Gillebergh	2 Kalschind
Skeggestad	6 Kalschind

Nittieitt år seinare var det i 1668 desse Fåberg-gardane som heilt eller for ein del svara:

Landskyld til Fåberg prestebolig:

Lundgaard		3 skinn	
Roland	(heile skylda)	1 hud	3 skinn
Eillingsberg	”	1 hud	
Smedsrud	”	1 hud	3 ”
Topholden ødeg. u. Ellingsberg		½ hud	
Balberg		1 hud	
Skinstakrud	”	2 huder	
Gurostad (Skog)		9 ”	
Lekshus		3 ”	
Røyne		1 hud	
Rindal		1 hud	
Hovland		½ hud	
Ulland	(heile skylda)	1 hud	
Høstmælingen		3 skinn	
Rånnerud		3 ”	
Kasterud	”	1 ½ hud	
Bakke	”	½ hud	
Dallerud	”	2 huder	
Langset, Peder		2 ”	
Breiset	”	1 hud	
Skjeggestad		½ hud	

Same året, altså i 1668, svara desse Fåberg-gardane, heilt eller for ein del:

Landskyld til Fåberg hovudkyrkje:

Tollersrud	(heile skylda)	2 ½ hud	
Haand	”	4 skinn	
Presterud		½ hud	
Balberg		½ ”	
Lekshus		3 ”	
Reistad	”	2 huder	4 skinn
Børke		4 ”	
Engeplass u. Bollung		3 ”	
Rindal		1 hud	
Gilberg	”	1 hud	3 ”
Mo	”	2 ”	
Hammerseng		2 ”	
Skjeggestad		½ hud	

Dessutan betalde desse gardane:

Landskyld til Lillehammer kyrkje:

Hammerseng		4 skinn
Suttestad	½ hud	
<u>Provstigods var:</u>		
Ersgård	1 hud	

118 år seinare svara i 1786 – etter H.F. Hiorthøy – desse Fåberg-gardane framleis landskyld til Fåberg prestebolig:

Lekshus	(heile skylda)	3 skinn
Rindal øvre	1 hud	
Røyne	1 ”	
Kasterud	” ½ ”	
Rånnerud		3 ”
Lundgaard		3 ”
Roland	”	3 ”
Horn	”	4 ”
Smedsrud	” 1 ”	3 ”
Gurustad		9 ”
Skinstakrud	”	2 huder
Balberg		6 ”
Skjeggestad		6 ”
Breiset	”	1 hud
Langset		3 ”
Dallerud	”	2 huder
Bakke	”	1 hud
Hovland		6 ”
Ulland		1 ”
Prestgarden		2 huder 4 ”

Same året, altså i 1786, svara framleis desse Fåberg-gardane:

Landskyld til Fåberg hovudkyrkje:

Lekshus	(heile skylda)	3 skinn
Rindal øvre	1 hud	
Reistad	” 2 ”	4 ”
Børke		4 ”
Tollersrud	” 2 ”	6 ”
Presterud		6 ”
Jørstad		3 ”
Balberg		6 ”
Skjeggestad		6 ”
Hammerseng		6 ”

Dessutan svara desse garane heilt eller for ein del:

Landskyld til Lillehammer-kyrkja:

Hammerseng	4 skinn
Mo	1 ”
Suttestad	6 ”
Langset	3 ”

Ja, lite hadde dei bygsla bruk skifta gjennom 200 år. – Og stiv og kald som tela jord var den gamle leiglendingsskipnaden. La oss heller sjå på det skiftande livet i arbeid og fest her på og ved Prestgarden:

Storbonden blant prestane i Fåberg var for all tid hr. Zacharias Sørensen, som var sokneprest her kring år 1660. – Ved husdyrtellinga i 1667 hadde han såleis største buskapen i bygda, og husdyrhaldet i Prestgarden var da: 3 hestar, 5 hopper, 47 storfe, 70 småfe og 8 griser. Av alle Fåberg-bøndene var det berre Kristen Smestad som hadde like mange hestar, men han hadde 7 hopper og dreiv truleg stort med hestealnad. Av odelsmannsmanntalet, også av 1657, går det elles fram at hr. Zacharias Sørensen og var odelseigande bonde. Han åtte såleis jordegods til 1 ½ hud i Dal i Vardal og dessutan Flokoli Eng av skyld 1 hud i Fåberg.

Til ein buskap som Prestgards-buskapen i 1657 trongst det både fehus og forhus. I alt var det da kring uttun og inntun ei heil mengd av hus, og fleire vart bygde attåt etter kvart. – Men så kom i 1743 den store husbrannen på Prestgarden og sette garden tilbake for lange tider. For å bygge oppatt ein storgard som Prestgarden trongst det mange pengar, og det var enda ingen trygdesum å heve. Styresmaktene kravde at kyrkjelyden skulle bera kostnaden, og bygdefolket syntes at utlikninga både av materialar og kontantar til saman vart for mye å ta på seg. Til sist laut fogden gripe inn for å få nybygginga i gang. Om dette handlar ei sak av 14. juni 1743, som etter utskrift er referert slik:

”Fogden lot publisere stiftbefalingsmann v. Rappes skrivelse ang. den avbrente Fåberg Prestegårds gjenoppbygging med riss og taksation over den nye prestegård som skulle koste 460 rd. 2 ort foruten bord, tømmer og pliktarbeide. Herav faldt på hver fuldgård 6 dlr. 3 ort 16 skl., halve- og ødegårde al advenant.+ ) Almuen fant det alt for drygt at utrede. Dersom de ikke i mindelighet kunne komme overens med hr. Bircherod, måtte de angi denne urimelighet for den høie øvrighet. De mente at de penge som til prestegårdens oppbyggelse efter loven falder av kirkene, skulle komme dem tilbode.”

Men nybygginga kom da i gang, og kva det fanst av husbygningar på Prestgarden to år seinare, går tydeleg fram av ei sak som i 1745 etter utskrift har denne ordlyden:

”Besiktigelse på Fåberg prestegård over huse og bygningar som nu hr. Nils Stochflet har antaget til beboelse efter magister Bircherod.

Sognepresten fremla sin inngivne memorial og en besiktigelsesforretning av 16. okt. 1727. Sognepresten og magister Bircherods arvingar kom efter mellemlhandling i mindelig forening, såleis at hr. Stochflet imot en viss sum av arvingerne selv påtar sig åbodet ved prestegårdens huse.

Prestegårdens huse: Et hus nå øvre side finnes ikke mer. Bygningen nede i gården er likeledes av ildebrand fortæret. I dens sted finnes en av mag. Bircherod bekostet bygning. Bryggerhuset er siden ildebranden oppbygget av mag. Bircherod, vedkåle finnes ikke. 2 fehuse brøstfeldige. Sauefjøs, ubrukkelig. Svinehus finnes ikke. Kornlåven brøstfeldig. Staburet av mag. Bircherod reparert. Tørkestue findes. Ni hølader. På Øen, i sveen, på Hoelen, på Rise, på prestevolden,

på Kropøen og to i Romsdalen, Sæterhus Gjerder. En del hus som mag. Bircherod har bygget og som skal gå til refision i åbodet: 1 stue Kapellanstuen kallet, annecteret til bryggerhus og drengstue, 1 stabur, 1 kvernehus og et lofthus ved fiskedammen. Almuens huse: 1 stor stuebygning, ny, hestestallen, gl.”

Rise i Vingrom som var kome under Fåberg-kyrkja alt før 1344, vart som ein ser framleis brukt saman med Prestgarden i 1745.

Her på Rise var det i 1726 eit arveskifte som gir ikkje så få slektsopplysningar: Den avlidne på Rise i 1726 var husmora Karen Halvorsdr. g.m. Ole Kristensen Rise. Arvebuet var som for småkårsfolk flest heller lite: brutto 85 dr. og netto 61 dr., men arvingane var heller mange: Mor til den døde, Ingeborg Alfsdr., var framleis i live. Dessutan hadde den avdøde 5 søsken: 1. broren Hans Halvorsen Rise, 2. Alf Halvorsen Rise, som var død før. Men som hadde 3 søner: Ole, Halvor og Nils. 3. Peder Halvorsen Dalby. 4. Lars Halvorsen, husmann ved Ronnerud, 5. søstera Kjersti Halvorsdr. g.m. Gunder Brunbech.

Sokneprest Niels Stochflet var prest i Fåberg i 16 år. Frå denne hans embetstid er det m.a. tri saker som kastar lysstreif over tid og tilhøve, og som vi her tek med. Vi tek dei i kronologisk orden, og den første er ei bevillingssak: Fogden gav i 1752 bevillingsseddel til prosten Stochflet på eit tjern som da er kalla ”Malfruetjernet”.

Den andre saka gjeld den retten presten hadde til fri skyss og fritt opphald på reiser til annektskyrkjene, og utskrifta av saka er sålydande:

”Tgl. 18. juni 1766.

Skrivelse fra presten i Fåberg Niels Stochflet til kammerherre og konferenceraad Gersdorff, hvori han påklager at bøndene i Fåberg ikke holder ham hest til hans reiser til annekskirkene og i fornødent fald nattehold.

Resolution: Da præsterne saavel efter alt ved tagen skikk som Lovens medhold bør nyde skyds og befordring til og fra Annexerne samt nattehold og forflegning saa haver vedkommende almue i Fåberg Præstegield u-vægerlig at lade deres Sogne præst nyde saadant ham ved loven tillagt beneficium saa fremt de vil undgaa derfor at blive tiltalede og straffede efter fortieneste.

Christiania d. 21. Martii 1756. C.R.P.B. Gersdorff.”

Den tredje saka frå desse år handlar om arbeidsplikta åt husmennene og den strid den kunne føre med seg. Saka er i utskrift av tingboka referert slik:

”Provsten Stochflet har innstevnt husmannen Christen Erichen Dahlskoven fordi han ikke har villet prestere det påbudte arbeide til prestegården for 1757 og fordi han har sagt til provsten at målet for husmennene i prestegården var for stort og at provsten fordret mer arbeide enn Kongens lov tilstår han.”

Saka vart først utsett på 2 ting, men vart så 20. juni 1758 dømt slik:

”Avsagt: Husmannen Christen Erichen Dahlskougen bør til neste ting gjøre provsten sin avbedelse for beskyldningen om å holde for stort akermål og dessuten opprette citanten det efterstående skurmål og processens omkostninger med tilsm. 6 rd.”

Etter provst Stochflet vart den unge lærde presten Ole Irgens sokneprest til Fåberg. Han var opplysningsmann og eksperimenterte med jordbruket i prestgarden og skreiv om resultatet i dansk-norske tidsskrift. Det er i ein slik artikkel han m.a. skreiv om svarthavren: ”aller skadeligste Ukrud som her på de fleste Steder udi Noreg spiller Dyrkerens Møie og Slæb,

hvor god Jorden enn er, bliver unegteligen Landhavren, som kaldes her svart d.v.s. sort havre, avena fatua, heder også Faldhavre.”

Sokneprest Irgens kom truleg så tidleg til Fåberg i året 1760 at han opplivde den store skadeflommen i Gudbrandsdalen det same året. I alle fall fekk han sikkert sjå følgjene av flommen, for under denne flommen øydela Gausdalselva mye av jordveigen på Prestgarden. Heile tida etter den store husbrannen i 1743 hadde det elles vore svært vanskeleg med husrom både for husbondsfolket og arbeidsfolket på garden. Hr. sokneprest Ole Irgens, som kunne reise penger til det, bygde seg derfor sitt eige eller sine eigne våningshus der. Dette og andre utlegg som han hadde hatt på Prestgarden, gjorde at han ved eit oppgjær i 1771 brukte prokurator for seg til å ordne denne saka. Saka som elles gir fleire interessante opplysningar, er i utskrift gjengitt slik:

”prok. Kofod fremstillet sig på vegne av sogneprest til Fåberg og medlem av det Norske Videnskabernes selskab hr. Irgens, og begjærte tingsvidne i anledning av at sognepresten hadde bekostet betydelige forbedringer på Prestegården, hvilket har været nødvendig efter den store flom i 1760, da prestegården led stor skade ved at Gausdalselven brøt inn på prestegårdens eiendeler.

De tre instevnte vidner forklarte at sognepresten hadde latt opprydde 21 ½ mål aker og engeland og at stenen var lagt i elvebredden for å hindre videre udskjæring. Kjøkken og humlehagen er utvidet. Sognepresten hadde bekostet en del veiter i Kirkejordet, ryddet og indgjerdet en sve, bygget en hølade, ryddet enger og satt opp skigårder m.m. Lagrettet og en del av almuen bekreftet ovenstående. Tingsvidnet blev deretter sluttet.”

Fire år seinare hadde hr. Ole Irgens søkt og fått embete som stiftsprost og sokneprest til Domkirken i Trondhjem, og tok sjølvsaugt imot det nye embetet. Han gav da 16. februar 1775 skjøte til yrkesbroren hr. sokneprest Martin Abildgaard i Fåberg på ”en del husvåninger m.v. på Fåberg prestegaard.” Slik kunne det altså ordnast med eigedomsretten til desse husa ved eit presteskifte. Samtidig gav også sokneprest Abildgaard panteobligasjon til stiftsprost Irgens på 1195 rd. mot lån av beløpet. Året etter gav i 1776 hr. Abildgaard bygselseddel til Peder Tordsen på ”den Fåberg prestebolig tilliggende gård Haand i Rustbygden, skyldende 4 skind.” I 1776 fekk hr. Martin Abildgaard sokneprestembete til Nesodden, og sokneprest Andreas Broch tok da over embetet i Fåberg. Da var det hans tur til å få skjøte på ”en del bygningar i Fåberg prestegaard”. Slik kunne det eller dei våningshus som hr. Ole Irgens fekk bygd der i si embetstid, skifte eigar og brukar samtidig med skiftet av sokneprest. Etter dette var det altså her. Andreas Broch som var sokneprest i Fåberg under folketellinga i 1801, og det budde da 7 familiar på og ved Prestgarden. Det var:

1. familie: Andreas Broch, sokneprest, husbonden, 55 år, 2. Giertrud Maria f. Irgens, husfrua, 42 år, 3. Johanne Pauline Broch, dotter deres, 18 år, 4. Johan Jørgen Groch, son deres, 16 år, 5. helene Margrethe Broch, 15 år, 6. Ingebor Frederikke Broch, 7 år, 8. Andreas Christofer Broch, 3 år. 9. Børre Arnesen Børgen, student, informator (huslærer), 19 år, 10. Eilert Hansen, tenestkar, 32 år, 11. Ole Knudsen, tenestkar, 33 år, 12. Thomas Hansen, tenestkar, 20 år, 13. Lars Iversen, tenestkar, 23 år, 14. Simen Pedersen, tenestkar, 20 år, 15. Anne Andreasdr., tenestkvinne, 32 år, 16. Anne Thorsdr., tenestkvinne, 22 år, 17. Anne Nilsdr., tenestkvinne, 40 år, 18. Berte Larsdr., tenestkvinne, 26 år, 19. Beret Olsdr., tenestkvinne, 15 år, 20. Guro Bertelsdr., tenestkvinne, 62 år, 21. Lars Nilsen, legdmann, 83 år.
2. familie: Prestmoen: 1. Iver Larsen, husmann med jord, 62 år, 2. Berit Larsdr., kona hans, 50 år, 3. Morten Iversen, son deres, 15 år, 4. Kristen Iversen, son deres, 12 år, 5. Gjertrud Iversdr., dotter deres, 5 år.

3. familie: Øvre Riise: 1. Guro Henningsdtr., husmor, bruker jord, 48 år, 2. Ole Eriksen, son hennes, skomaker, 18 år, 3. Sønnøv Eriksdtr., dotter hennes, 15 år, 4. Kari Eriksdtr., 9 år, 5. Hans Eriksen, 7 år, 6. Kristen Eriksen, 2 år, 7. Sidsill Kristensdtr., ”nyder almisse”.
4. familie: Stefanstua: 1. Knut Jonsen, husmann med jord, 66 år, 2. Ragnild Holmsdtr., kona hans, 67 år, 3. Ole Knutsen, son deres, 24 år, 4. Dorthe Jonsdtr., tenestkvinne, 61 år.
5. familie: Ø. Holen: 1. Hans Jonsen, husmann med jord, 63 år, 2. Ingeri Olsdtr., kona hans 66 år, 3. Kristian Hansen, son deres, dragon.
6. familie: 1. Ole Knutsen, innerst utan jord, 68 år, 2. Dordi Jonsdtr., kona hans, 66 år.
7. familie: N. Holen: 1. Jon Hanse, dragon og husmann med jord, 36 år, 2. Guri Engebretsdtr., kona hans, 34 år, 3. Ingebor Jonsdtr., dotter deres, 8 år, 4. Andreas Jonsen, son deres, 5 år, 5. Rønnaug Jonsdtr., 2 år.

Husbonden hans i Prestgarden, sokneprest A. Broch, var elles formann i manntalskommisjonen for Fåberg og leidde det store arbeidet som ei folketelling i ein stor kommune er. Han har sjølv avslutta manntalet med denne underskrifta: ”Summa Summarum 3645”, som altså var folketalet i Fåberg i 1801, og vidare med hans eiga handskrift: ”At denne Optegnelse er forfattet efter nøye Undersøgelse vedgår A. Broch.”

I mellomtida reiste i 1777 justitsråd Nicolai Christian Lassen gjennom Gudbrandsdalen og har m.a. skrivi om Fåberg-prestgarden at husdyrhaldet der i den tid var 10 hestar 40 storfe og 10 småfe, og at den årlege utsæden av korn var ca. 30 tdr. Klokkar Christen Erichsen Bjørnsgaard hadde fått premie for nydyrking av jord på garden sin Skinstakrud, og for steingjeder som han hadde mura opp av den oppbrotne steinen. Frå denne tid er det elles opplyst at soknepresten som skulle vake over dei moralske forhold i bygda, hadde funne det rett å ”bøtelegge de Valentin Caspersen og hans 8 gjester på Lillehammer for hasardspill”, og likeså å bøtelegge fru Boel Møller for brennevinsbrenning. I 1827 er det klaga over at drukkenskapen tiltar på grunn av den nye Kjøbstad Lillehammer.

I opplysningstida vart det større spurnad etter å få kjøpt jord til odel og eige. Ein slik spurnad galdt Bø i Vingrum, som framleis låg til Fåberg prestebolig. Ein liknande spurnad var frå Endre Kolberg m.fl. om å få kjøpe Kasterud som også var kyrkjegods, men ingen av søknadene vart innvilga.

I 1818 vart sokneprestembetet styra av pastor Steen. Han gav da bygselseddel til jomfru Frederikke Broch på plassen Stefanstuen i Fåberg, der visstnok sokneprest hr. A. Broch døde i 1824. Enkefru Gjertrud Marie Broch f. Irgens levde framleis i Fåberg i fleire år, og det var da gardene til prestebordet Roland, Smedsrud og Horn som vart brukt som enkeseter. Frå denne tid er det nye matr. Framlegget av 1819, som kom med fleire opplysningar om gardane. Der er det om Prestgarden fortalt at buskapen av store husdyr da var 9 hestar, 36 naut og den årlege kornavlinga var kring 115 tdr. Det er elles opplyst at det var 4 husmannsplassar til garden.

To år seinare hadde hr. Claus Winther Kamstrup tatt over som sokneprest i Fåberg. Han var da tilstades ved bispevisitasjon og møte for kyrkjelyden etterpå der det kulturelle livet i bygda vart drøfta. Det vart da opplyst at fattigvesenet i Fåberg var vel innretta, og at bygda var fri for eigne betlarar. Det var plikt for alle å føre utanbygds betlarar til lensmannen. Vidare var det da kome krav at det måtte bli eigen embetsbolig til klokkaren. Året etter vart så i 1822 eit engstykke Gunnildsrud under nordre Jørstad kjøpt inn til dette formålet. På nytt møte i kyrkjestyret vart det i 1825 gjort vedtak om at hovudkyrkja måtte få nytt tak og større glas, og at eit lite orgel skulle kjøpast inn. Det var da 6 skoleholdere i Fåberg, og årsløna var 16 rd. for kvar av dei 5 og for den sjette 20 rd.

I 1826 er det fortalt at det var fast skule ved Glasverket på Jevne, og at Verket sjølv betalde læraren. Same året vart det gjort vedtak om at ”Prestegarden skal bordklæs og males”. Truleg

galdt det eitt eller fleire av våningshusa. Ti år seinare er det i 1836 fortalt at tårnet på Lillehammer-kyrkja var så dårleg at det måtte repareras eller byggjast eit heilt nytt og i 1836 var det elles atter skifte av sokneprest. Sokneprest Kamstrup slutta og sokneprest Rasmus Lyng tok over i embetet.

Sokneprest C.W. Kamstrup, som av kyrkjeleg syn visstnok var pietist, var ein aktiv kristen og god prest. Han hadde dessutan stor interesse for jordbruket i Prestgarden og har gitt fleire opplysningar om det. Jordvegen i det heile skulle da vera ca. 370 mål og ein del skog. Buskapen på sjølve garden var 8 hestar, 30 kyr og 30 sauer, men dertil var det på dei 5 husmannsplassane som hørde Prestgarden til, 2 hestar, 20 kyr og 50 sauer. Til same tid var den årlege avlinga i prestgarden 20 tdr. Rug, 50 tdr. Bygg, 40 tdr. Blandkorn, 40 tdr. Havre, 100 tdr, poteter og ein del hør og hampe. Sokneprest Kamstrup gav vidare opp den årlege inntekta for presten i kallet til ca. 920 spd. + utbyttet av garden.

Rasmus Lyng, som er skildra som ein sterk og myndig og skarpskoren personlegdom, var fødd i Fåberg i 1801 av foreldre faged Marcus Sodemann Lyng og hustru Marthe Kristine f. Bonnevie (nordre Lunde). Ved sida av si prestegjering vart Lyng også mye med i det kommunale liv i Fåberg. Han var såleis varaordførar 1839-45 og ordførar 1845-47. I hans embetstid brann 24. april 1837 atter hovudbygningen i Prestgarden. Ved visitasmøtet året etter var det serleg to aktuelle saker som vart drøfta: Ordninga av ein fast skule i hovudsoknet, og nybygginga av våningshus i Prestgarden. Året etter var det vorte ein fast skule i hovudsoknet og ein på Lillehammer, og same hausten, altså i 1839, vart og den nye hovudbygningen på Prestgarden ferdig til innflytting. Lærar ved den eine av dei faste skulane i denne tid var cand. Theol. Elstrand som ein ofte finn omtala som ein god kristendomsforkynnar og ein dugande lærar. Seminarist Hougner ved Lillehammer Almuesskole fekk og mange lovord som lærar. I 1845 var det dødsfall og arveskifte i Fåberg-Prestgarden. Den avdøde var fru Urbina Jacoba Lyng f. Willumsen, dotter av sokneprest Willumsen i Bø. Ved skiftet som vart helde den 18 desb. 1845 er det opplyst at arvebuet utgjorde brutto 1366 rd. og netto 346 rd. Arvingane var forutan enkemannen sokneprest Rasmus Lyng dei 6 borna i ekteskapet. Av dei var Martha Christine da 20 år, Georg Wilhelm var 18 år, Marcus 16 år, Martin Thrane 14 år, Ulrik Frederik Christian var 9 år, og Maren Therese var 7 år. Av desse borna vart G.W. Lyng ein kjend skulemann, og Marcus Lyng vart spinnerimester i Lillehammer.

Frå 1859 er ei kontrakt mellom sokneprest Lyng og Tor Larssen om bruken av plassen Prestmoen som Tor og kona hans skulle få bruke resten av levetida si.

Elleve år seinare var det i 1870 atter presteskifte i Fåberg, og sokneprest Hans Jensen Blom tok over embetet. I ei overgangstid vart da Prestegarden bortleigd til Engebret og Johannes Nordhove og Bernt Dahl. Sokneprest Blom var elles alt da ein eldre mann og kom til å ha Fåberg sokneprestembete berre i 5 år. Før hadde han vore mye med i det politiske liv og var m.m. stortingsmann i tida 1848-1864 og var i ei årrekke odelstingspresident.

I denne tida kom den store jordbrukstellinga med mange nye opplysningar om gardane. Om Prestgarden i Fåberg finn ein der m.a. fortalt at det samla jordbruksareal på garden av åker, eng og seterlykkjer til saman var 616 mål og av dette var 284 mål jord av 1. klasse. Buskapen på sjølve Prestgarden var da 6 hestar, 20 naut og 12 sauer, men dertil var det på husmannsplassar som hørde til Prestgarden til saman 19 naut og 27 småfe. Ført på same måten var utsæden av korn på sjølve garden: 1 ½ td. rug, 4 ½ td. bygg, 13 tdr. blandkorn og havre og 2 tdr. erter, dessutan vart det satt 36 tdr. poteter, dertil var det på plassane under Prestgarden sådd og sett: 1 ½ td. bygg, 12 tdr. blandkorn, ½ td. erter og 9 ½ tdr. poteter. Ni år seinare vart i 1874-75 engstykket Holen skyldsett frå Prestgarden og selt til Mathea Gulbrandsdtr. Holen. I denne tid var det og utskifting av Rinåsen sameigeskog mellom Prestgarden og fleire andre gardar.

I 1876 hadde Svend Borchmann Herslev Vinsnes tatt over sokneprestembetet, og i ei overgangstid var Prestgarden bortforpakta til Andreas Fryjordet. Det er opplyst at han i

forpaktingsavgift skulle svara ”et Beløb af mellem 3 og 400 Spd. som til dels skal svares i Natural practationer”.

Sokneprest S. Vinsnes, som han oftast skreiv seg, var fødd i Hurdalen i 1857 av foreldre sokneprest Paul Winsnes og hustru Hanna f. Strøm. Hanna Winsnes, s.m. skreiv den kjente kokeboka si. Sokneprest S. Vinsnes var ein fredsæl mann og ein snill og god prest, som vart både elska og høgt akta i Fåberg. Han hadde sokneprestembetet i tida 1876-98, og både han og hustru Thrine Vinsnes er gravlagde ved Fåberg-kyrkja.

Ei stor sak for dei norske gardsbruk vart gjennomført i 1886. Da kom endeleg den nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld. Fåberg prestegard fekk da gardsnr. 168 med ei samla skyld på 33,95 mark, og det var i 1886 alt 11 bruksnr. under gr.nr. 162. Det var: Gr.nr. 162, br.nr. 1 Fåberg prestegard av skyld 22,90 mark og med Soknepresten som brukar, br.nr. 2 Skolejord av skyld 1,02 mark og Fåberg kommune som eigar, br.nr. 3 Sveen av skyld 2,74 mark, eigar: Bernt August Nilsen, br.nr. 4 Kloppøen skyld 0,60 mark, eigar: Amund Leirhullet, br.nr. 5 Volden søndre, skyld 1,18 mark, eigar: Klaus Kamstrup, br.nr. 6 Rise vestre, skyld 1,06 mark, eigar: Andreas Svendsen, br.nr. 7 Rise mellom, skyld 0,45 mark, eigar: Kristian M. Bøhmer, br.nr. 8 Svendstuen, skyld 0,28 mark, eigar: Kristian Svendsen Rise, br.nr. 9 Rise østre, skyld 1,65 mark, eigar: Kristian Pedersen, brnr. 10 Rise nordre, skyld 0,89 mark, eigar: Tobias Mortensen, brnr. 11 Volden søndre, skyld 1,18 mark, eigar: Erik Ellingsberg og Fredrik Haave.

Etter ajourført matrikkel av 1904 var det da vorte skyldsatt og selt ifrå 4 bruksnummer til. Det var: br.nr. 12 Framstad, skyld 0,06 mark, eigar: S. Simensen Vedum, br.nr. 13 Rise søndre, skyld 0,61 mark, eigar: Rasmus Hattestad, br.nr. 14 Rise øvre, skyld 0,93 mark, eigar: Ole Kristian Lun., br.nr. 15 Borgtun, skyld 2,12 mark, eigar: Alfred og Hanna Holmen.

Året før var det i 1903 atter presteskifte, og Martinius Olsen Lae vart sokneprest i Fåberg. Sokneprest M. O. Lae var fødd i 1852 på Toten av foreldre gardbrukar Ole S. Lae og hustru Franzisca Elisabeth Kristine, som døde i Fåberg i 1910. Sokneprest Lae hadde ved sida av si prestegjerning også vitskaplege interesser og skreiv bl.a. ”Syndfloden” og ei brosjyre ”Krig og Fred”.

Sokneprest Hagbarth Amandus Hartmann, som i 1910 tok over embetet etter hr. M. O. Lae, hadde før han kom til Fåberg vore prest i Amerika. Både i Iowa og i Dakota. Og hans kyrkjelege syn var utprega ortodoks. I hans embetstid i Fåberg vart enda fleire plassar og andre parsellar selde frå Prestgarden. Såleis kjøpte i 1920 Kristian Skålsveen br.nr. 16 Solheim av skyld 0,06 mark, to år seinare kjøpte Tore S. Moringa br.nr. 17 Moringen av skyld 0,50 mark, og same året, i 1922, kjøpte Kristian S. Moringa br.nr. 18 Nymoen av skyld 0,74 mark. Etter atter eit år kjøpte i 1923 Johannes Andersen br.nr. 19 Risehaugen av skyld 0,02 mark, og Kristian Slåttsveen kjøpte br.nr. 20 Granly. Vidare kjøpte i 1923 Karl Andersen br.nr. 21 Strande av skyld 0,75 mark.

I 1924 var det atter presteskifte i Fåberg, og unge sokneprest Børge B. Børge-Ask tok over embetet. Sokneprest Børge-Ask var fødd i Stavanger i 1877 av foreldre skipskaptein Jonas Børressen (Aske) og hustru Lena Marie f. Sand. Han var ein aktiv og interessert mann, som m.a. var formann i Fåberg skolestyre i tidsromet 1829-1935. Han var og formann i redaksjonsnemnda for jubileumsskriftet for Fåberg ved kommunejubileet i 1937. Fleire av opplysningane om prestane i denne artikkelen er etter sokneprest Børge-Ask.

I mellomtida vart frå 1924 enda fleire parsellar unnaselt Prestgarden. Såleis kjøpte i 1925 Karl J. Riise br.nr. 22 Nordheim av skyld 0,02 mark, Karl Mathiasen kjøpte i 1926 br.nr. 23 Maurstad, skyld 0,03 mark og same året kjøpte Fåberg kommune br.nr. 24 Stupulhaugen, skyld 0,25 mark. To år seinare kjøpt ei 1938 furer Sigurd Ringen br.nr. 26 Ytre Hølen, av skyld 1,30 mark, Lauritz K. Hølen kjøpte br.nr. 26 Hølen framre av skyld 1,30 mark, og Bjarne A. Riise kjøpte i 1931 br.nr. 27 Riiseodden av skyld 0,45 mark. Seinare kjøpte i 1938

Emil Antonsen br.nr. 28 Heimly av skyld 0,04 mark. Og Bjarne A. Riise kjøpte br.nr. 29 Strand, og etter atter eit år kjøpte i 1939 Arvid Berg br.nr. 30 Strand.

Ved jordbruksregistreringa i 1939 var det altså vorte 30 bruksnummer under gardsnummer 162 Prestgarden i Fåberg. Av desse 30 bruk var det likevel berre 11 som hadde eit jordbruksreal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (da). Det var: Gr.nr. 162, br.nr. 1 Fåberg Prestgarden, br.areal 130 mål, eigar: Staten, brukar: Soknepresten, br.nr. 2 Skulejord, areal: 15 mål, eigar: Fåberg kommune, brukar: lærar Sigv. Dalby, og vidare:

Br.nr.	6 Rise vestre,	br.areal:	15 mål,	eigar:	Peder O. Ravneberg
”	9 Rise østre	”	12 ”	”	Emil Antonsen
”	13 Søndre Rise	”	25 ”	”	Petter Hattestad
”	14 Rise Øvre	”	20 ”	”	Kristian Lund Riise
”	15 Borgtun	”	35 ”	”	Iver Borgtun
”	17 Moringen	”	20 ”	”	Sverre Moringen
”	18 Nymoen	”	20 ”	”	Christian S. Ringen
”	25 Hølen ytre	”	20 ”	”	Tora Lende Bræin
”	26 Hølen	”	25 ”	”	Kristian L. Hølen

## Rise under Prestegården (gnr. 162)

Rise: Gamalt namn som truleg kjem av hris, kjerr, og som viser tilbake til ei fjern fortid da iallfall ein del av Rise-stranda var tilvokse med kjerr.

I ei nærare fortid var Rise ved handel eller gåve for bønehald gitt til Fåberg presteombod. Men dette ligg og så langt tilbake at det finst ingenting skrive om det. I tidleg mellomalder da Vingrom hadde fått eigen prest, var det derimot busett og bygt på Rise så presten budde der. Dette går tydeleg fram av 2-3 gamle Fåberg-brev. Det eine er frå 1344 og fortel at Alf på Tråset, Anders prest i Risum og Eiliv på Jørstad var med som vitne da Sigrid Haberodotter tok mot betaling av presten Arnfinn Jonsson for 1 øresbol i Torleifsrud på 5 sold korn nær. – Eit anna skinnbrev er frå 1411 og fortel om eit jordbyte der og ”presten a Risom” var med som vitne og truleg og skreiv det gamle dokumentet.

Men om prestane skifta, var eitt framleis ei varig ordning: Rise låg som før til Fåbergprestgarden.

Og heimane i Rise-grenda auka i tal, og av god grunn. Her var på fleire måtar eit godt næringsgrunnlag både for folk og fe. I den drivande sandjorda mognast kornet både årvisst og godt, og her kunne ein og ha glede både av kålgarden og søtepletrea. Men vissaste attåtninga var likevel fisket i Mjøsa. – Og der låg det slik til at eit nyrydda lågåsildvarp kunne kanskje bli det beste av alle. Og lenger ute gjekk storauren, som ein kunne ta på reiv agna med krøkle. Var det rart om ålføybygging av notbinding vart både yrke og kveldsetoarbeid der i Rise-grenda? –

Og Rise-heimane auka i tal frå ættled til ættled. Strandstrima her ved Mjøsa mellom gardane Øyre og Vingnes var slett ikkje så smal, og visst var det og plass til ein heim eller to på Øver-Rise. Men i all denne skifting frå ættled til ættled var det framleis eitt som var som før: Rise-brukarane var alle bygselbønder og svara si årlege leige i dalar eller arbeid.

Opplysande på ein eigen måte er her eit dødsbuskifte som 12. juni 1726 vart helde på ”Faaberg Præstegaard i Faaberg”, men som sikkert galdt folk av ein Rise-familie. Den døde var da husmora Karen Halvorsdr., som hadde vore gift med Ole Christensen. Ein merker seg og at arvebuet utgjorde brutto 85 rd. og netto 61 rd, som understrekar at her var altså inkje jordegods medregistrert i buet. Av det skrivne ved skiftet går det elles tydeleg fram at mor til avdøde Karen Halvorsdr. heitte Ingeborg Alfsdr., og at ho hadde fleire born. Det var: a. Hans Halvorsen Riise, b. Alf Halvorsen Rise, som var død, men hadde 3 born etter seg, c. Peder Halvorsen Dalby, d. Lars Halvorsen, husmann under Ronnerud, 3. Kjersti Halvorsdr., gift med Gunder Brunsbeck.

Elles går det tydeleg fram at med nye ættleder vart det fleire og fleire heimar på Rise-stranda. I 1778 var det såleis dåpsbarn hos Kristen og Sessel Rise, der den døypte fekk namnet Mari. Men to år seinare var det i 1780 og dåpsbarn hos Erik og Guri Rise, der den døypte heitte Per. I 1813 var det derimot same året dåpsbarn både hos Tomas og Randi Rise, og hos Johannes Rise. Når det i 1856 er oppgitt at det da var dåpsbarn same året både hos Hans og Anna Rise og hos Kristian og Olea Rise, så er det samtidig oppgitt at bae fedrane var husmenn i Prestgarden. I 1891 er derimot både Ole Olsen v/Rise og Johannes Kristensen Rise ført som inderst og altså hadde andre yrke. I 1806 er det fortalt at det var barnedåp hos ”DomXsten” Riise, og at sonen hans som da vart døypt vart kalla Morten. Kjenningnamnet ”Dom-Kristen” som her er brukt, tyder vel elles at Kristen var døvstum, som i bygdemålet vart kalla å vera ”dom”.

I 1801 kom påbodet om folketelling, og denne familien på Rise er da framleis oppført som husmannsfolk under Prestgarden: 3. familie: 1. Guro Henningsdr., husmoder, bruker jord, 48 år, 2. Ole Erichsen, son til Guro, skomaker, 18 år, 3. Hans, son til Guro, 7 år, 4. Kristen, son

til Guro, 2 år, 5. Sønnøv Erichsdotter, 15 år, 6. Kari Erichsdotter, 9 år, 7. Sidsill Christensdr. "Nyder Almisse", 73 år.

Ein kjend familie som budde på Rise i tidsromet 1808-1829, var Tomas og kona hans Randi på Rise. Dei fekk fleire born, men dei var visstnok alle døtre. Det var: a. Johanne f. 1808, b. Ingeborg f. 1810, c. Olea f. 1813, d. Sønnøv f. 1816, e. Kristine f. 1834, f. Anne Margrethe f. 1829. Same året er de toppgitt at foreldra var "forpagtere paa Prestegaarden".

Kring 30 år seinare hadde det i 1857 vori brukarskifte og desse budde da i kvar sine av 3 heimar på Rise: a. husmann Hans Thomassen og kona hans Anna Arnesdr. Rise, b. husmann Kristian Pedersen og kona hans Olea Svendsdr. Rise, c. inderst Peder Olsen og kona hans Pauline Pedersdr. Rise.

Men så km i 1885 den store skyldsettinga på Rise da i alt 5 bruk vart skyldsette og selde som sjølvstendige gardsbruk. Dei 5 bruk som det her gjeld var: a. Grn. 162 brn. 6 Vestre Rise av skyld 1,06 mark, som Kyrkjedepartementet samtidig selde og overlet ved skjøte til Andreas Svendsen for kjøpesum kr. 2.255,-. b. Grn. 162 brn. 7 midtre Rise av skyld 0,45 mark, som samtidig Kristian M. Bøhmer overtok ved skjøte for kr. 800,-. c. grn. 162 brn. 8 Svenstuen av skyld 0,28 mark, som Kristian Svendsen Rise tilhandla seg for kjøpesum kr. 600,-, d. grn. 162 brn. 9 Østre Rise av skyld 1,65 mark, som Kristian Pedersen tilhandla seg for kr. 2.730,-, e. grn. 162 brn. 10 Nordre Rise av skyld 0,89 mark, som Tobias Mortensen overtok mot kjøpesum kr. 1.600,-, f. grn. 162 brn. 12 Fremstad av skyld 0,06 mark, som seinare vart selt til S. Simensen Vedum, h. grn. 162 brn. 13 Rise søndre av skyld 0,61 mark, som seinare vart selt til Rasmus Hattestad. Seinare vart så i 1893 grn. 162 brn. 14 øvre Rise ved skjøte frå Kyrkjedepartementet kjøpt og overtatt av sersjant Ole Lund for kjøpesum kr. 2400,-.

Etter dette budde det ved kommunevalet i 1907 i alt 13 personar med røysterett i Fåberg på det gamle Rises grunn. Dei 13 personane var: 1. tømmerarbeidar Ole Olsen, Risestuen, 49 år, 2. husmor Kristine Johansdr., kona hans, 48 år, 3. jordbrukar, kaptein, Kristian Pedersen, Rise, 79 år, 4. tømmerarbeidar Amund Hanssen, Rise, 5. jordbrukar Andreas Svensen, Rise, 61 år, 6. husmor Ingeborg Hansdr., kona hans, 64 år, 7. tømmerarbeidar Peder Johansen Stenseng, Rise, 53 år, 8. husmor Karen Hansdr., kona hans, 53 år, 9. jordbrukar Svein Amundsen, Rise, 38 år, 10. husmor Matea Johansdr., kona hans, 35 år, 11. tømmerarbeidar Karl Kristiansen Fremstad, 45 år, 12. husmor, Anna Larsdr., kona hans, 37 år, 13. føderådsmann Kristian Pedersen, øvre Rise, 77 år.

Av handlar med Rise eller parsellar av Rise i seinare tid tek vi her elles med at i 1920 kjøpte så Kr. Slåttsveen grn. 162 brn. 16 Solheim av skyld 0,06 mark, og i 1927 kjøpte Emil Antonsen grn. 162 brn. 9 Rise østre etter Amund Rise.

Ved jordbruksregistreringa av 1939 var det etter dette 6 bruk på Rise med kvar for seg eit jordbruksreal av åker, hage og eng på ca. 10 dekar eller meir. Dei 6 gardsbruk var: a. grn. 162 brn. 6 Rise vestre med eit jordbruksareal på ca. 15 dekar, som Peder O. Ravneberg var eigar og brukar av, b. brn. 8 Svendstuen, jordbruksareal ca. 10 dekar, som Edvard A. Rise var eigar og brukar av, c. brn. 9 Rise østre, jordbruksareal ca. 12 dekar, som framleis tilhørde Emil Antonsen, d. Brn. 10 Rise Nordre, jordbruksareal ca. 10 dekar, som Erik Hov da var eigar og brukar av, 3. brn. 13 Søndre Rise, jordbruksareal ca. 25 dekar, som Petter Hattestad var eigar og brukar av, f. brn. 14 Rise Øvre jordbruksareal ca. 20 da., som Kristian Lund Rise var eigar og brukar av.